



Det kgl. barne- og familiedepartement

200404169
- 200

Dykkar ref.

Vår ref.

02/934-11/04/6147//HVA

Dato:

Manger: 07.01.2005

HØYRINGSUTTALE FRÅ RADØY KOMMUNE OM NY BARNEHAGELOV

Radøy kommune sluttar seg i hovudsak til Barne og Familiedepartementet sitt framlegg til ny barnehagelov. Dei fleste framlegga frå departementet har fått ålmenn tilslutnad. Kommunen er nøgd med at § 1 – Formålsparagrafen – vert vidareført uendra..

Ut over dette er det tre framlegg Radøy kommune ønskjer å kommentera særskild:

1. Svekking av arealkrava.

I gjeldande lov er det slått fast at kommunen skal godkjenne alle barnehagar, at m.a. vedtekter for barnehagen skal leggjast til grunn ved godkjenninga og at vedtektene m.a. skal innhalda leike- og opphaldsarealet pr. barn. I merknadene til lova vert så rettleiande normer konkretisert. I det nye framlegget er lista over område som skal dekkjast i vedtektene fjerna, og kravet om at vedtektene skal leggjast fram i samband med godkjenninga er teke bort.

Radøy kommune kan ikkje sjå nokon føremoner med denne endringa. Gjeldande rettleiande normer er etter vårt syn minimumsareal, og dette må vera klart for alle som vil driva barnehage. Vi ønskjer derfor at arealnormene framleis skal vedtektsfestast, og at vedtektene skal leggjast fram i samband med søknad om godkjenning. Vi overlet til departementet å finna ut kvar i den omredigerte lova dette punktet kan takast inn.

2. Endra kompetansereglar.

Etter gjeldande lov er det berre førskulelærarar som kan tilsetjast som styrarar eller pedagogiske leiarar i barnehagen. I lovframlegget nyttar departementet konsekvent formuleringa "*utdanning som førskulelærer eller annen treårig pedagogisk utdanning på høgsolenivå med tillegg av ett års (60 studiepoeng) videreutdanning i barnehagepedagogikk*" dersom framlegget i det heile har krav om særleg kompetanse.

Radøy kommune ønskjer at både styrar og avdelingsleiarar skal ha pedagogisk utdanning, og legg til grunn at dette til vanleg vil vera førskulelæruddanning. Samstundes er det vanskeleg å ha dei store prinsipielle motførestellingane mot at nemnde alternative utdanningsbakgrunn skal gje høve til tilsetjing som pedagog i barnehagen.

3. Endra bemanningsnorm.

Av forskriftene til gjeldande lov går det fram at det skal vera ein pedagogisk leiar (les førskulelærer) pr. 14-18 barn når dei er over tre år, og pr. 7-9 barn når dei er under tre år. Lovframlegget har fleire alternativ her, frå dagens ordning, via krav om ein pedagog pr. 10-14 barn (ingen aldersinndeling) til ingen normer.


Radøy kommune ser at desse normene (les 9 og 18 barn) ofte kan verta eit stengsel for fleksible løysingar i barnehagen. Særleg gjeld dette i høve endringar som skjer i barnehageåret. Vi kan

heller ikkje sjå at alternativet departementet nemner, med 10-14 barn pr pedagog, endrar dette tilhøvet. Vi ønskjer såleis å fjerna den talfesta norma for pedagogisk bemanning.

Konsekvensen av våre vurderingar i punkt 2 og 3, vert at vi ønskjer at § 18 *Ledelse*, skal utformast i samsvar med alternativ B, medan § 19 *Barnehagens øvrige personale*, skal samsvara med alternativ C.

I høyringsnotatet drøftar departementet også spørsmålet om rammefinansiering av barnehagane, sjølv om dette ligg utanfor lovframlegget. Radøy kommune helsar generelt velkomen endringar frå øyremerking til rammefinansiering. Det har lenge vore semje om at barnehagesektoren skal rammefinansierast, vel å merka når vi har oppnådd full barnehagedekning. Det kan no synast som om ein ønskjer å gå over til rammefinansiering av barnehagane for å oppnå full barnehagedekning. Radøy kommune er redd ei slik reform, med dagens kommuneøkonomi, både kan svekkja kvaliteten i barnehagane og all anna kommunal tenesteyting.

Med helsing


Olav Steinar Namtvedt
Ordførar


Helge Vallestad
spesialkonsulent